



Hordaland fylkeskommune Kultur- og Idrettsavdelinga  
Postboks 7900  
5020 BERGEN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/2751 - 18/26009

Saksbehandlar:  
Eirik Bouwer Utne  
eirik.utne@meland.kommune.no

12.12.2018

## Rapportering Kyrkjeveg - Meland Frekhaug - turskiltprosjektet.

Viser til førespurnad om rapportering av tildelte midlar. Midlane vart tildelt med brevdato 1.4.2014, med opp til kr 31 000.

I brev dagsett den 10.11.2015 vart det førespurd i søknad om å overføre midlane til prosjektet *Mjåtveitvassdraget*. Det sistnemnde prosjektet er eit svært omfattande prosjekt, som òg omfamnar områda knytt kyrkjevegen mellom Frekhaug og Meland. Kyrkjevegdelene av merkeprosjekta i kommunen vart slik sett på som del av eit mykje større arbeid, der òg fleire kyrkjeveggar ville merkast enn opphavleg skissert.

Det kan nemnast at problemstillinga vart først diskutert på telefon medio januar 2015, og førespurt uformelt i e-post 15.1.2015. Viser og til statusrapport sendt dagsett 21.12.2016, og gjensending av brev, dagsett 29.11.2018.

Desse førespurnadane har berre vorte munnleg godkjende, og ein har ikkje motteke skriftleg svar. Med omsyn til føresegn om svarfrist, har dette verte tolka som tilstrekkeleg samtykke for å gå vidare som skissert. Det er derfor ikkje mogleg å rapportere som førespurd, grunna at kostnadar har gått over fleire år i eit anna og større prosjekt. Kostnadane for denne tildelinga vert derfor berre berekningar, som går fram av rapport som ligg ved dette brev.

Ein vil òg nytte høvet for å peike på at sluttrapporterte midlar dagsett 5.1.2016 ikkje er utbetalt til kommunen, og vi ikkje har fått svar på søknad om overføring av midlar mellom prosjekt.

Med helsing

Eirik Bouwer Utne  
leiar kultur

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

---

**Postadresse**

postmottak@meland.kommune.no  
Postboks 79, 5906 Frekhaug  
Besøksadr: Havnevegen 41 A  
5918 Frekhaug

**Kontakt**

www.meland.kommune.no  
Telefon +47 56 17 10 00  
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 98 36413  
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: [www.nordhordlandskart.no](http://www.nordhordlandskart.no)

**Vedlegg:**

Sluttrapportskjema Kyrkjeveg Meland-Frekhaug

**Mottakere:**

|   |                             |      |        |
|---|-----------------------------|------|--------|
| Eirik Knive   | Kultur- og idrettsavdelinga | 5020 | BERGEN |
| Hordaland fylkeskommune Kultur- og Idrettsavdelinga | Postboks 7900               | 5020 | BERGEN |